

BOKN BYGDABLAD

NR 8 - OKTOBER 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR.: BOKN KULTURKONTOR

MANGE
BYGGJER
I BOKN



I byggjefeltet ved
Hålandssjøen er det ein del
ledige tomter og nausttomter i
nedre del av feltet.

I 1992 vart det igongsett og tatt i bruk 8 bustader i Bokn. Dette er eit uvanleg høgt tal dersom ein samanliknar med andre kommunar på same storleik. Så viste også statistikken at folketalet var gått opp frå 738 ved årsskifte 1991/92 til 760 ved årsskiftet 1992/93. Og bustadbygginga ser ut til å halda fram i same tempo. Ein statistikk over bustadbygginga for dei første 8 mnd. i år, viser at det til nå i 1993 er oppført 8 bustader. Folketalet er pr. i dag ca. 775. Det skulle tyda på at den same positive utviklinga held fram.

Det kan nok ikkje vera tvil om at fastlandstilknytinga og dei gode kommunikasjonane både nord- og sørover må vera den viktigaste grunnen til denne utviklinga. Ein kan nå bu i Bokn og ha arbeid i andre deler av distriktet.

Det minkar nå på dei kommunale bustadtomtene, og kommunen må nok snart begynna å tenkja på tilretteleggjring av nye tomter.

FRA MINE TIDLEGE ÅR

Eit av dei første menneske eg kjende var Martin Jøsang. Han var postopnar på Søndaland, og måtte til Foresvik 3 gonger i veka, for å senda og henta post. Då måtte han vera der til nattruta kl. 7 om morgenon. Heime hadde me noko som heitte brevhus. Det var postkasse utpå veggen. "Kun for alminnelig brevpost", stod det på han. Me hadde stempel, men det var ikkje namn og dato på det, berre eit tal. Så hadde me frimerke til salgs. Dette var ei ulønt teneste, men det var ei viss hugnad med det, det kunne koma einkvan med eit brev, og då hadde dei gjerne tid å setja seg og prata ei stund. Post som skulle soretter til Are, vart levert hjå oss. Avisene fylgde posten, så Martin fekk ei tung bør. Aviser og post for 2 dagar om gongen. For det meste gjekk han til fots. Han hadde sykkel, men med den tunge sekken og den ujamne vegen , var han ikkje alltid så heldig med den.

Av og til kjørde han med hest. Den hesten eg hugsar var ei dølamerr, som visstnok hadde prøvd seg på travarbanen, og konkurranseånda sat i. Ho ville styra farten sjøl, og hadde lite respekt for den som sat med taumane. For oss som såg på, var det utruleg at det gjekk godt. Men aldri hørde ho eit vondt ord av Martin. Han var ein tålmodig mann og ein stor dyrevenn. Han fekk tidleg radio, og kunne fortelja nyheter frå inn- og utland, hadde alltid tid til ein liten

prat, og helsa "god morgen" og "farvel" kvar einaste gong. Martin var den første boknaren som reiste med fly, frå Stavanger til Oslo.

Første gongen eg høyrd radio, var på Vågshaug. Dei på Laupland kjøpte samstundes. Då var det ikkje berre å setja apparatet på bordet og skrua på. Det måtte vera ein streng frå apparatet, ut gjennom eit borehol i glaskarmen, opp på ei spine på mønet, derifrå ein lang streng til løa eller eit anna høgt punkt. Og jordledning, som måtte ut gjennom glaset og gravast ned. Utstyret inne fyllte heile kommoden, apparatet og to batterier.

Med nye ting blir det alltid nye ord å læra. Her var det antenne, anodebatteri, akkumulator. Det siste var vanskeleg, den blei kalt for mykje løyje.

Det var ikkje program natt og dag, slik som nå, og ikkje gjekk det an å høyra alt heller, ein måtte tenkja på batteria. Frå aller først var det noko som heitte krystallapparat. Det har eg aldri sett, den hadde øyretelefonar. Det blei snart fleire som fekk radio. Ein dag det var fint solskin, kunne me sjå at det blenkte i ein streng mellom huset og løa hjå Jens "der sør". Eg forsto kva det var, og den stygge misunninga tok meg. Der var det og eg såg den første grammofonen. Ute mellom ungdomen



var det lett å høyra kven som hadde radio. Dei visste alltid kva slag vær det skulle bli, og snakka om alt det løgne Ly. ktemannen hadde sagt. Eg følte meg utanfor, men gjorde som eg ikkje brydde meg.

Å få vera med til byen, det var ei stor oppleving, men det gjekk nå ikkje titt på for meg. Det var rart å høyra bilane, somme hadde ein så fin fløytelåt - andre let som svoltne griser. Det gildaste var likevel hestane som var brukte til transport. Dei klakkande hesteskorne og dei lydlause gummihjula. Av alle forretningar var det frukthandelvindaugo som freista meg mest. Raude og gule eple, bananer, appelsin, glaskolbar med stripete drops. Det finaste var nokre raude frukter, dei var forlokkande. Men dei som hadde smakt dei sa at nei fy! Det

skulle dei ikkje ha meir av.
Det heitte tomater.

Så var det einkvan som hadde vore i Stavanger ein dag, og kom att og sa at nå var det livsfarleg å reisa til byen, for sjåførane fekk ikkje lov å tuta i gatene lenger. Ein kunne bli overkjørt når som helst.

Men farleg eller ikkje, til Stavanger måtte dei, det var det som var byen. Dit gjekk ullreivene på jonsokmarken, lamma om hausten, gamle hestar og kyr når som helst. Derifrå kom unghestar, værar og grisungar. Me som er gamle har reist mange gonger med nattruta, og betalt 2 kroner kvar veg
Ja, det var den tida. Men det var ikkje alltid mange kronene å handla for heller.

Olaug Hognaland.

TANKAR I TIDA

Kva slag leiker som er populære går i bølgedalar hos ungane, men me vaksne har våre leikety me og. Ein datamaskin er eit kjempebra hjelphemiddel som gjer ei mengd arbeidsoperasjonar langt raskare enn før - men så er det det då at det er kjekt å ha - som Øystein Sunde så treffande syng om i visa si. Ein datamaskin er ikkje berre ein datamaskin. Den maskinen som var den nyaste på marknaden i går tilhører steinalderen i morgen - sjølv om den gjer dei same arbeidsoperasjonane som den gjorde tidlegare. Databasillen er farleg den, spesielt for mannfolk. Det viser seg nemleg at det er dei som blir lettast angripne. Det gjeld å ha det siste på marknaden både innan maskinar og programvare. Om du har bruk for det aller siste for å kunna utføra jobben din tilfredsstillande er eit argument ein helst ikkje vil høyra. For sume er det ikkje ein gong nok å ha ein skjerm framføre seg på kontorert. Du er ikkje "in" om du ikkje i tillegg har ein bærbar pc som du må drasse med deg til og frå jobben.



At denne maskinen ikkje blir brukt til stort anna enn å spele på av ungane må det helst ikkje snakkast om. Det er ikkje til å kome frå - ein bærbar pc gjev status i guttekubben.

Slike guttekubbar har andre statussymbol og. Ein telefon gjev ikkje status før han blir bærbar og helst så liten som råd er. Prøv å leggje merke til alle dei mannfolka som absolutt må ta ein telefonsamtale ned trappene i eit eller anna offentleg bygg. Kven dei ringer til og at dei måtte ringa akkurat då skal ein helst ikkje snakka høgt om.

Kjenner du att denne karen? - Han kjører bil til og frå jobben, men det gjer ikkje status utan at han i tillegg kan preika i telefonen medan han kører. At det er kona han ringer til og at det einaste viktige han har å seie er at han er på veg heim og kan ventast om eit kvarter (noko kona visste frå før avdi han kjem heim til same tid kvar dag) er heilt underordna. Det viktigaste er at han får vist medtrafikkantane sine at han er ein person med posisjon.

Ikkje ein gong i ferien kan du slappe heilt av og la maska falle dersom du vil tilhøre den engaste kretsen i guttekubben. Det er ikkje nok å vera den lukkelege eigaren av ein hurtiggåande cabinkruser. Heilt lukkeleg blir du fyrst når du kan lyfte

av telefonrøyret på vhf-en i det du nærmar deg kai. Om det ikkje er nokon i den andre enden og du står der og pratar med deg sjølv - så veit jo ikkje dei andre skiprane det. For all del: hald på statusen og medlemskapen i gutteklassen så lenge du kan!

Stortingsvalresultat i Bokn:

SENTERPARTIET 45,6%

Som venta var det Senterpartiet som gjekk mest fram i Bokn ved stortingsvalet i september. Heile 27% fram i forhold til siste stortingsval. Det ga ein oppslutnad på 45,6%. Dei tre partia i Bokn som gjekk mest tilbake i forhold til i 1989 var Frp med -7,8%, H med -7,3% og KrF med -6,8%. Ap gjekk tilbake med 3,4%.

Det er vel rimeleg å tru at SP fekk dei fleste av dei stemmene som desse partia gjekk tilbake med.

Valdeltakinga i Bokn var på 80,6%.

Nei! Eg får vel runda av, skrua på skrivaren, ta utskrift og lura på om det ikkje er på tide å byggja ut harddisken. Det er jo kjekt å ha.

Arvid



A.....	68	14,8	-3,4
H.....	50	10,9	-7,3
SV.....	13	2,8	-1,9
SP.....	209	45,6	+27,0
Frp.....	25	5,5	-7,8
KrF.....	71	15,5	-6,6
V.....	13	2,8	-0,6
RV.....	0	0	-0,4
SNF.....	2	0,4	+0,4
FLP.....	3	0,7	+0,7
Pen.....	2	0,4	+0,4
Grø.....	0	0	-0,4
KKP.....	2	0,4	+0,4
Andre....	0	0	-0,4
Sum.....	458		

NYTT FRÅ SANITETEN

Vi i Bokn Sanitetsforening har hatt styremøte. I uke 39 er det noe som heter SANITETENS UKE. Da tenkte vi at i stedet for å gå og tigge etter penger til et eller annet formål ville vi heller gi noe til våre egne. Så nå får vi satse litt på de yngste. Tidligere har vi jo kjøpt trygghetsalarmer og hjertestarter, trimsykkel og instrumenter til fotpleien. Så for å rekke over hele aldersgruppa starter vi nå med å spe på med en ekstra pakke tøybleier til alle nyfødte fra 1. oktober. Da vil det vel bli bedre sjanse for at vi kan få se bleier på snorene i stedet for i bosskassen. Har dere egentlig tenkt på hvor mye søppel det blir? Ca. 1 tonn regner en med det blir i søppel bare av bruken av papirbleier pr. barn. Det er en god del det. Tenk på den nye generasjonen.

Så var det de litt større. Nå har det seg slik at når de blir 10 år eller skal begynne i 4. klasse har de lov å sykle til skolen. Det kan ha sine fordeler det, men også ulemper. Så derfor vil vi fra i år dele ut sykkelhjelmer til alle som går i 4. klasse. Så får vi satse på at de blir flittige og bruker hjelmen. Det kan redde liv.

Husk også at vi har barnebilsenter til utlån.

Det vil også bli medlemsmøte på Allrommet den 13. oktober. Da innbyr vi gamle og nye medlemmer velkommen. Vi vil få demonstrasjon av kakepynting ved Harry Mykblust og inviterer Tuastad Sanitetsforening. Så har du lyst til å bli med - så kom an. Vi tar gjerne imot nye medlemmer som har lyst til å ta et tak for Sanitetten. Ta gjerne kontakt.

Styret.



BOKN FOLKEBIBLIOTEK

LESETIPS FOR OKTOBER

BARN OG UNGDOM

Jordfald, Øivind:
Trollflyndra

Gjerstad, Ragnhild:
Den lille kongen

Scheen, Kjersti:
Månefeen

Hegglands, Johannes:
Retten til meg

VAKSNE

Staalesen, Gunnar:
Begravde hunder biter ikke

Grisham, John:
Firmeets mann

Cornwell, Patricia:
Det som blir igjen

Lindanger, Birger:
Neset og havet
Soga om Tungeneset

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl. 10.00 - 13.30

ONSDAG : kl. 16.00 - 19.00

TORSDAG : kl. 10.00 - 13.30

**SAMMEN
OM BØKER**



8
TID FOR HOBBY
BIBLIOTEKET
HAR BØKENE!

BTV ETABLERINGSSEMINAR

Bokn, Tysvær og Vindafjord kvinneforum arrangerte lørdag 25 september etableringsseminar med spesiell vekt på kvinner.

Seminaret hadde ca 40 fremmøtte derav 4 menn. I løpet av seminaret fikk vi høre om de tiltak som blir tilrettelagt gjennom landbruket, vi fikk høre om de som hadde klart å etablere en bedrift og de hindringer disse hadde møtt, videre fikk vi en meget inspirende innlegg fra Inger Karin Nerheim fra Bømlo når det gjelder tilrettelegging for små- etablerere i kommunen. Seminaret ble av de fremmøtte gitt mye skryt, og det er gledelig at opphavsmannen til seminaret var vår egen ordfører Leif Vatnaland. Dessverre hadde vi ingen etablerere eller interesserte fra Bokn. Vi var imidlertid bra representert ved ordfører, May Bente Alvestad (tiltaksmenda) og næringskonsulenten.

Vi fikk gode ideer og opplegg for et videre arbeid både innen vår kommune og gjennom et interkommunalt samarbeid. Ut fra seminaret fikk en signaler at det var ønskelig med en egen etableringskonsulent som kunne arbeide interkommunalt. Det ble også foreslått flere samlinger for interesserte. Spørsmålet blir hvem som skal arrangere disse.

Navnet BTV-kinneforum ble foreslått endret til BTV Etableringsforum der også menn kunne delta men da på kvinners premisser.

Et utspill for å bedre småetablereres vilkår og muligheter vil i første omgang bli gjort fra Bokn og Vindafjordkommune. Vi håper å kunne skape et interkommunalt miljø. Vi får bare håpe at det finnes aktive og interesserte personer fra Bokn ved neste korsvei.

KOMMUNALE TILTAKSMIDLER

Bokn kommune har gjennom Kommunal- og Arbeidsdepartementet mottatt midler til et kommunalt næringsfond. I inneværende år har vi gjennom Landbruksdepartementet også mottatt midler til et kommunalt BU-fond.

BU står for bygdeutvikling og skal således gå til tiltak og utvikling innen landbruket eller prosjekt/aktiviteter med tilknytning til dette.

Tilsammen har kommunen opp mot kr 1 mill til forskjellige tiltak og til de som måtte ønske å etablere seg eller utvide sin virksomhet. Midlene kan ikke brukes om hver andre eller utenfor de rammer departementene har satt.

I Bokn har vi en del tiltak vi arbeider med, og det vil gå en del av midlene til de tiltak vi har bestemt innen strategisk næringsplan. Vi vil imidlertid gjerne se at folk i Bokn er flinklere til å søke midler dersom en har konkrete ideer som skal undersøkes eller for å igangsette tiltak enten de er nye eller innen alt etablert virksomhet.

For nærmere opplysninger ta gjerne kontakt med næringskonsulenten som har fast kontordag hver tirsdag. Konsulenten er også tilgjengelig andre dager eller om kvelden. Ta kontakt med kommuneadministrasjonen for å få oppgitt telefonnummer til konsulenten.

OPERASJON DAGSVERK !

Operasjon Dagsverk er dei norske elevane sin internasjonale solidaritetsaksjon som kvart år blir arrangert under parolen "ungdom hjelper ungdom". Pengane som kvart år kjem inn går til utdanningsprosjekt for ungdom i den 3.verda.

I fjar var 1000 skular med, og over 225 000 elevar jobba inn ca. 28 mill. kr.

Pengane som kjem inn under Operasjon Dagsverk 1993, skal gå til utdanning for ungdom i Kambodsja. Etter mange år med krigsherjingar, er utdanning viktig for at desse ungdommene skal kunna vera med på å byggja opp sitt eige land.

Pengane skal gå gjennom Redd Barna.

Det er i samband med dette me går ut i Bokn Bygdablad for å skaffa jobbar til elevar på OD-dagen, 28.oktober.

Minsteprisen for eit dagsverk er kr.125 for den jobben ein ungdomsskulelev gjer. Det er sjølv sagt lov å gi eit større beløp for dagsverket. Arbeidsgjevaravgift er ikkje aktuelt i denne samanhengen. Heile beløpet skal betalast kontant, og de får då ei kvittering av eleven.

Me er interesserte i alle slag jobbar, t.d. husarbeid, barnepass, opprydding, gå ærend osb.

Er det nokon bedriftar som vil nytta arbeidskrafta vår, set vi stor pris på det !

Ta kontakt med Bokn skule v/Siri Håvik dersom du har noko å tilby.

Vedr. telefonkatalogomslag som er delt ut til alle.

Vi i A&O Video ønsker lykke til med bruken av de hvite og blå telefonkatalog-omslagene som er utdelte i Bokn. Det er meningen at alle husstandene nå skal ha fått denne, men dersom det fortsatt er noen som ikke har fått den, ta kontakt med A&O Video på tlf. 52 74 86 37, så ordner det seg.

TIPS: Når du skal legge i telefonkatalogen, åpne katalogen på Bokn.

Legg deretter stålstrengen inni, og fest denne . Mekanismen er nemlig laget slik at en skal kunne bruke strengen som "bokmerke" for Bokn.

Dersom du vet om flere som kunne ha bruk for omslaget, eller om du ønsker ett ekstra omslag, så koster disse kr 25,- pr. stk. En god gaveidé

ARBEID MED GRAVREGISTER PÅ BOKN

Me har nå fått lagt inn alle gravene på EDB.

Registreringa byggjer på kyrkjebøker og gravprotokoll samt munnlege opplysningar.

Når eg sit og ser på dette, ser eg med min vesle lokalkunnskap at det må vere nokre feil i dette materialet. Det kan vere fleire feil enn me veit om, og det er derfor me vil prøva å retta opp dette. Det som eg kan sjå enkelte plasser er at den som er ført opp som festar sjølv er død. Dette må rettast, men kven skal då førast opp som festar?

Eg vil prøva å gå systematisk gjennom dette og ta kontakt med dei som står som festarar av ei eller fleire graver, men om du og kunne ta kontakt med meg hadde dette letta arbeidet mykje.

Svanhild Alvestad



BOKN BARNEHAGE

Ledig vikariat for assistent

Vikariat ledig for assistent i barnehagen frå ca. 1. november 1993 til 1. juli 1994. Det blir ved tilsetting lagt vekt på samarbeidsevne og evne til å gje barn omsorg og språkstimulering m.v.

Det er også behov for søkjarar som har interesse av å ta tilfeldige vikariat som måtte kome. Det kan gjelde vikariat på 1 - 2 veker eller meir.

Søknad med rettkjende kopiar av attestar og vitnemål blir å senda Skulekontoret i Bokn innan 18. oktober 1993.

TIL SALGS

*Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl.
utkjørt.*

*Har og sand, singel og grus.
Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy
tlf. 0451 32 87
mobil 060 70873*

BOKN BYGDABLAÐ

UTGJEVAR:

Bokn kommune, kulturkontoret
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373.07.00305

BYGDABLAÐNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-
Halv side: kr. 150,-
1/4 side: kr. 75,-
1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10. nr. årleg

ARRANGEMENT:

23.10: Dans. Arr: Bokn Brass

03.11: Bingo. Arr: Skulekorpset

DISTANSERITT

NJÅRD FJORDHESTLAG

arrangerer distanseritt på Ognøy
søndag 17. oktober -93.

Påmelding til Ole Bertil Grinde tlf.
52 77 30 33 (arb.) 52 77 57 84 (priv.)



- 10.10. kl. 11.00: Fam. gudsteneste v/
Sandvik. Presentasjon av
konfirmantane.
Offer soknerådkassen
24.10. kl. 11.00: Høgmesse v/
Sandvik. Nattverd.

LENSMANN

*1. fredag i mnd. kl. 10 - 12 i
Boknatun.*

FOTPLEIE

Det vert fotpleie **onsdag den 13.**
oktober .

Påmelding til sosialkontoret, tlf.
52 74 85 00.

SUNDAGSSKULE

Den 3., 17. og 31. oktober på
"gammelskulen" kl. 14.00

BASAR

på Bokn Bedehus onsdag 6. okt. kl.
19.30. Tale av Skårland. Sang av
Bokn songlag.

Mat og kaffi

Alle velkomne

Sjømannsmisjonen